

Berre ein for stenging

06.04.2013

Berre Otto Benjaminson (KrF) var for stenging av køyrebrua då forvaltningskomiteen behandla Kjærland-saka denne veka. Dei 8 andre var for å gje løyve i samsvar med innstillinga frå administrasjonen. Brua ligg berre 6 meter frå soverommet til naboen.

Aud Presthus (H) sa at ho hadde teke sin død av det hvis ho hadde fått ei løe så tett innpå.

Leiar Thorleif J. Hellesøy (Frp) minte om høna og egget men Svein Einan (Ap) hevda at soverommet kom sist ettersom brua hadde lege der i 100 år.

Gunn Mari Moberg (H) peika på at Tor Jarle Kjærland ikkje gjer noko ulovleg ved å byggja på.

Verksemdsleiar Tormod Fossheim sa at dei hadde vridd alle lovverk for å finna eit kompromiss men utan hell. Dei hadde ikkje funne nokon heimel for å flytta driftsbygningen eller stenga låvebrua. Grunnen er at løa ikkje er med i søknaden, heldt Fossheim fram.